## Mye liten makrell i fangstene

Med kvote igjen fra i fjor, samt usikkerhet om makrellens vandring og tilgjengelighet i norsk sone så har flåten jaktet på makrellen de siste par ukene. Tidligere enn normalt i forhold til de siste årene. Først på onsdag fant «Fiskeskjær» makrellen samlet nord for 62. breddegrad og vest mot EU grensen. Fram til lørdag har hovedfisket foregått i dette området. I tillegg så er det tatt noen fangster utenfor Stad og Møre.

Totalt er det fisket 16.800 tonn fra notbåtene sist uke, noe som er brukbart på bare en halv fiskeuke. Søndag var fisket hemmet av nordavindskuling. Det som har vert negativt i starten av høstens makrellfiske er størrelsen på fisken. Gjennomsnittet ligger helt ned på 366 gram. Fordelingen i fangstene viser lite stor makrell i prøvene, og fiskerne finner nesten ikke G6 makrell i prøvene.Med så liten makrell så er prisene òg relativt lave. Laveste pris i auksjonen er kr 5,12 og høyest kr 8,73, og totalsnitt for uken er på kr 6,39. Flere båter vil roe ned fisketakten så lenge størrelsene er på nivå med sist uke. Dette melder sildelaget på sine nettsider.

# nøkkelen



utbygging av vindmølleparkar må først 420kV-linja mellom Fardal og Ørskog byggjast.

# ør i Vestavind Kraft AS

leiar i selskapet, Ketil Konglevoll.

– Eg ser fram til å halde fram arbeidet med å utvikle Vestavind Kraft vidare. Vindkraft som fornybar energi er i sterk vekst, og vi skal utvikle gode prosjekt for framtida, seier Stig Svalheim.

Vestavind Kraft vart oppretta i 2005 for å utvikle, bygge og drive vindkraftanlegg. Bak Vestavind Kraft står energiselskapa i Vestlandsalliansen, representert ved Tafjord Kraftproduksjon AS, SFE Produksjon AS, Sunnfjord Energi AS, Sognekraft AS, BKK Produksjon AS, SKL Produksjon AS og Haugaland Kraft AS.

# Solid vekst i tonnasjen




***Størst:** Målt i tonn er Bremanger Hamn og Næring størst i vårt distrikt. Dagleg leiar Ann Irene Gulestøl opplyser at veksten var venta.*

**Bremanger Hamn og Næring hadde ein sterk vekst i tonnasje første kvartal i år.**

Åge Senneset
aage. senneset@fjt.no
telefon 958 94 334

Samanlikna med same periode i fjor er mengdene målt i tonn meir enn ei dobling. I første kvartal gjekk det meir enn ein million tonn over kaiene i Bremanger kommune. Det er meir enn Flora Hamn KF, Nordfjord Havn IKS og Ålesundregionens Havnevesen har til saman.

Hovudårsaka til den solide veksten er stein frå Bremanger Quarry på Dyrstad i Bremanger. Ifølgje dagleg leiar i Bremanger Hamn og Næring, Ann Irene Gulestøl, er den store auken som venta.

– Det er klart at full drift ved anlegget på Dyrstad fører til mange tonn i statistikken, og dette hadde vi rekna med, fortel Gulestøl.

*– Fører denne veksten til auka inntekter?*

– Det gjer den, men som sagt hadde vi lagt inn auka volum, så per i dag ligg vi omtrent på budsjettet med inntektene for 2010, seier Ann Irene Gulestøl.

### fakta | havnestatistikk

**Godsmengde i innenriks- og utenriksfart 1. kvartal 2010 målt i tonn**

| | 2008 | 2009 | 2010 |
|---|---|---|---|
| Flora Hamn | 287.841 | 312.529 | 302.353 |
| Bremanger Hamn og næring | 384.581 | 440.312 | 1.025059 |
| Nordfjord Havn | 180.306 | 157.057 | 85.331 |
| Ålesundregionens Havnevesen | 393.423 | 485.319 | 500.668 |

*(Kilde: Statistisk sentralbyrå)*

